

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

Protokoll nr. 04/17

Møtedato 22.11.2017

Medlemar:

Varamedlemar:

Tilstade: x

X	Anders Riise, KS, Hareid kommune, leiar	Geir Stenseth, KS Ålesund kommune
X	Maritta Ohrstrand, KS, Kristiansund kommune	Sidsel Rykhus, KS Molde kommune
X	Ragnhild Velsvik Berge, KS, Herøy kommune	Wenche Solheim, KS, Ørsta kommune
X	Ingrid Løset, Leiar Brukarutvalet HMR	Ann Helene Skare, Nestleiar Brukarutvalet HMR
X	Grete Teigland, Direktør Helse- og sosialavdelinga, Fylkesmannen MR	Marit Hovde Syltebø, Ass. Direktør Helse- og sosialavdelinga, Fylkesmannen MR
	Jo-Åsmund Lund, Fagdirektør HMR	Espen Remme, Adm. direktør HMR
X	Petter Bjørdal, Nestleiar styret HMR	Svein Anders Grimstad, Styremedlem HMR
X	Britt Valderhaug Tyrholm, Samhandlingssjef HMR	
X	Hild Våge, LO	Hilde Furnes Johannesen, LO
	Kaspara Nesseth Tørlen, Fylkesleiar, NSF representant for UNIO	Ståle Evald Ræstad, Tillitsvalt NSF, Fylkesleder

Observatørar: Leif Lagesen, Siv-Iren Stormo Andersson

Andre: Inger Lise Kaldhol (under presentasjon av orienteringssak legevakt)

Sekretariat:

Helse Møre og Romsdal HF v/ Marianne Ensby Gravem og Lena Bjørge Waage

Fråvær:

Kaspara Nesseth Tørlen (og vara Ståle Evald Ræstad), Mona Ryste, Jo-Åsmund Lund (og vara Espen Remme), Nils Arne Skagøy

Møtet i Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal vart halde på Volda rådhus, møterom Voldsfjorden.

Møtet starta kl. 11:00

Leiar Anders Riise ønska alle velkomne.

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

Sak 2017/33 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innstilling:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

Sak 2017/34 Orienteringssaker

I møtet 22.11.2017 blir Overordna samhandlingsutval gjeve følgjande orienteringar:

1. Presentasjon av ny legevakt og legevaktsamarbeid på Søre Sunnmøre v/ kommuneoverlege i Ulstein kommune Inger Lise Kaldhol.
2. Status utviklingsplan Helse Møre og Romsdal HF v/ Lena B. Waage
3. Rapport om utskrivingsklare pasientar frå Helse Møre og Romsdal HF v/ samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm
4. Informasjonsbrev til kommunane frå KomUT Møre og Romsdal v/ Britt Valderhaug Tyrholm
5. Læringsnettverk – «Pasientforløp for eldre multisjuka pasientar». Første samling gjennomført. Orientering v/ samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm.

Innstilling:

Overordna samhandlingsutval tek orienteringssakane til vitande

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval tek orienteringssakane til vitande

Sak 2017/35 Referatsaker – utan saksframlegg

- Referat frå lokalt samhandlingsutval Kristiansund lokalsjuekehusområde
- Referat frå lokalt samhandlingsutval Molde lokalsjuekehusområde

Innstilling: Overordna samhandlingsutval tek referata til vitande.

Vedtak: Overordna samhandlingsutval tek referata til vitande.

Sak 2017/36

Justerte retningslinjer for følgjeperson ved innlegging i Helse Møre og Romsdal HF

Innstilling:

1. Overordna samhandlingsutval ser positivt på det grundige arbeid som er lagt ned og engasjementet som arbeidet med retningslinjer for følgjeperson for personer med spesielle oppfølgingsbehov ved innlegging i helseføretaket har skapt
2. Overordna samhandlingsutval sluttar seg til dei justeringane som er gjort i høve til høyringsinnspela
3. Overordna samhandlingsutval vil særleg trekke fram to forhold:
 - a. Retningslinene var i utgangspunktet meint å gjelde ved innlegging i helseføretaket. Det er ei viktig avgrensing for at retningslinene skal vere eintydige å etterleve.
 - b. Retningslinene har teke særskilt høgde for barn sine rettar ved innlegging i sjukehus
4. Overordna samhandlingsutval støtter dei presiseringar og justeringar som er gjort i høve til reisetid for kommunalt tilsett personalet.
5. Overordna samhandlingsutval rår til at retningslinene trer i kraft frå 1.1. 2018.
6. Overordna samhandlingsutval ber om å bli halden orientert om erfaringar med bruken av retningslinene.

Vedtak:

1. Overordna samhandlingsutval ser positivt på det grundige arbeid som er lagt ned og engasjementet som arbeidet med retningslinjer for følgjeperson for personer med spesielle oppfølgingsbehov ved innlegging i helseføretaket har skapt
2. Overordna samhandlingsutval sluttar seg til dei justeringane som er gjort i høve til høyringsinnspela
3. Overordna samhandlingsutval vil særleg trekke fram to forhold:
 - a. Retningslinene var i utgangspunktet meint å gjelde ved innlegging i helseføretaket. Det er ei viktig avgrensing for at retningslinene skal vere eintydige å etterleve.
 - b. Retningslinene har teke særskilt høgde for barn sine rettar ved innlegging i sjukehus
4. Overordna samhandlingsutval støtter dei presiseringar og justeringar som er gjort i høve til reisetid for kommunalt tilsett personalet.
5. Overordna samhandlingsutval rår til at retningslinene trer i kraft frå 1.1. 2018.
6. Overordna samhandlingsutval ber om å bli halden orientert om erfaringar med bruken av retningslinene.

Sak 2017/37

Evaluering av Samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal – tilråding vidare prosess**Innstilling:**

- 1) Overordna samhandlingsutval sluttar seg til tilrådingane frå arbeidsutvalet.
- 2) Overordna samhandlingsutval tilrår at det blir oppnemnt eit forhandlingsutval ut frå Samhandlingsavtalen
 - Overordna samhandlingsutval ber regionråda, helseføretaket, KS og brukarutvalet om å oppnemne sine representantar
- 3) Overordna samhandlingsutval tilrår at forhandlingsutvalet har følgjande mandat:
 - Etablere og følgje prosessen fram til utkast til ny Samhandlingsavtale
- 4) Følgjande prinsipp skal danne grunnlag for vidare arbeid, der målet er å få eit avtaleverk som støttar utvikling og god samhandling
 - a. Gjeldande samhandlingsavtale og delavtalar, med gjensidig forpliktingar og rettar mellom partane, skal danne grunnlaget for ny avtale.
 - b. Ein er samd om å drøfte ei forenkling av dagens avtalestruktur.
 - c. Eksisterande fagråd/arbeidsutval/kliniske samhandlingsutval blir involvert ved omarbeiding av delavtaler til faglege retningsliner. Der slike fagråd ikkje finnes i dag, må slike partsamansette fagråd oppnemnast.
 - d. Det skal vere brei involvering og brukast god tid.
 - e. Gode høyringsprosessar
 - f. Det må avsettast nok ressursar til det føreståande arbeidet, både frå kommunane og frå helseføretaket

Vedtak:

- 1) Overordna samhandlingsutval sluttar seg til tilrådingane frå arbeidsutvalet.
- 2) Overordna samhandlingsutval tilrår at det blir oppnemnt eit forhandlingsutval ut frå Samhandlingsavtalen
 - Overordna samhandlingsutval ber regionråda, helseføretaket, KS og brukarutvalet om å oppnemne sine representantar
- 3) Overordna samhandlingsutval tilrår at forhandlingsutvalet har følgjande mandat:
 - Etablere og følgje prosessen fram til utkast til ny Samhandlingsavtale
- 4) Følgjande prinsipp skal danne grunnlag for vidare arbeid, der målet er å få eit avtaleverk som støttar utvikling og god samhandling
 - a. Gjeldande samhandlingsavtale og delavtalar, med gjensidig forpliktingar og rettar mellom partane, skal danne grunnlaget for ny avtale.
 - b. Ein er samd om å drøfte ei forenkling av dagens avtalestruktur.
 - c. Eksisterande fagråd/arbeidsutval/kliniske samhandlingsutval blir involvert ved omarbeiding av delavtaler til faglege

retningslinjer. Der slike fagråd ikkje finnes i dag, må slike partsamansette fagråd oppnemnast.

- d. Det skal vere brei involvering og brukast god tid.
- e. Gode høyringsprosessar
- f. Det må avsettast nok ressursar til det føreståande arbeidet, både frå kommunane og frå helseføretaket

Sak 2017/38 Samansetting av forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen

Innstilling:

- 1) Overordna samhandlingsutval ser det som viktig at ein får etablert ein god prosess for revisjon av Samhandlingsavtalen
- 2) Overordna samhandlingsutval rår til at forhandlingsutvalet blir sett saman med likeverdig representasjon mellom partane og tilrår slik samansetting:
 - Fire representantar frå kommunesida med vara
 - Fire representantar frå helseføretaket med vara
 - Brukarrepresentant med vara og en representant frå KS
- 3) Når forhandlingsutvalet er etablert, må det bli fremma ei sak til Overordna samhandlingsutval om leiing, sekretariat, framdriftsplan for arbeidet og kostnadsdeling av revisjonsarbeidet.

Innspel frå tillitsvald om representasjon frå organisasjonane. Tilførd eit fjerde kulepunkt under punkt 2.

Vedtak:

- 1) Overordna samhandlingsutval ser det som viktig at ein får etablert ein god prosess for revisjon av Samhandlingsavtalen
- 2) Overordna samhandlingsutval rår til at forhandlingsutvalet blir sett saman med likeverdig representasjon mellom partane og tilrår slik samansetting:
 - Fire representantar frå kommunesida
 - Fire representantar frå helseføretaket
 - Brukarrepresentant og en representant frå KS
 - Arbeidstakarorganisasjonane inviterast som observatørar med til saman to representantar, ein frå kommune og ein frå helseføretaket.
 - Alle medlemmane har personlege vara
- 3) Når forhandlingsutvalet er etablert, må det bli fremma ei sak til Overordna samhandlingsutval om leiing, sekretariat, framdriftsplan for arbeidet og kostnadsdeling av revisjonsarbeidet.

Sak 2017/39

Møtedatoar for Overordna samhandlingsutval i 2018

Innstilling:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal vedtek møteplan for 2018.

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal vedtek møteplan for 2018.

Tysdag 20. februar, Nordmøre

Onsdag 23. mai, Nordre Sunnmøre

Tysdag 11. september, Romsdal

Tysdag 27. november, Søre Sunnmøre

Tentative datoar:

- Dialogmøte onsdag 31. oktober

- Samhandlingskonferanse torsdag 1. november

Sak 2017/ 40

Godkjenning av protokoll nr 04/2017 frå møtet 22.11.2017

Innstilling:

Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 04/17 frå møte 22.11.17.

Vedtak:

Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 04/17 frå møte 22.11.17.

Møtet slutt kl. 13:50

Anders Riise

Ragnhild Velsvik Berge

Maritta Ohrstrand

Ingrid Løset

Grete Teigland

Petter Bjørdal

Britt Valderhaug Tyrholm

Hild Våge